



Dei to supplybåtane hos Eidsvik. Verftet fekk den eine men ikkje den andre

Store tap gjennom ei årrekke gav til slutt konkurs som resultat for Eidsvik Skipsbyggeri. Ikkje minst var engasjementet i supplybåt-marknaden kostbart. Det var Siem Meling Offshore som skulle ha 2 supplybåtar og skroga vart bygd i Tyrkia, men det første havarete i Bosphorus under slepet mot Uskedalen. Eidsvik måtte permittera heile arbeidsstokken.

Svein Arne Eidsvik skriv vidare slik i oppsummeringa si til bustyraren:



[Knester gav milliontap](#)

' På grunn av forseinkingar, uferdig skrog og dårleg utført arbeid på skroget som vi leverte ferdig i april 2010, tapte vi 15-20 millionar kroner. For reiarlaget var konsekvensen at dei ikkje var istand til å byggjelånsfinansiera utrusting av skrog 2 så vi mista den kontrakten'.

Det var Myklebust i Ulsteinvik som fekk utrustinga av denne båten I ei mellombels melding frå bustyrar Kjell Steinsbø går det fram at det har vore milliontap gjennom mange år.og at aksjekapitalen var tapt allereie i 2008.

Året før tapte Eidsvik fleire millionar på den kombinerte trålaren og snurparen Knester og ved leveransen av Quantus til Skottland i 2008 førte eit uferdig og forseinka skrog og til eit tap på fleire milllionar.

Førebels er det meldt sju krav i buet på vel 3,3 millionar og rekneskapan for 2012 viser eit førebels underskot på 3,2 millionar etter fleire underskotsår, melder Kvinnheringen.

Dagleg leiar oppsummerar slik:

' Som skipsverft har vi hatt altfor stor risiko i skipsbyggingskontraktene der vi har ansvar for skrog og alle underleverandører. i forhold til fortjenestemarginer ein greier å oppnå'

Han peikar og på at konkurransen frå utanlandske verft har gjeve eit stort prispress og hard konkurranse.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Quantus gav milliontap